

Helsefellesskap Møre og Romsdal



HELSE MØRE OG ROMSDAL



Protokoll

Møte/utval:	Strategisk samarbeidsutval	
Møteleiar:	Tanja Thalén	
Referent:	Eli Otterlei	
Møtenummer:	5/2024	
Dato:	16.10.24	
Tid:	0800-1200	
Stad:	Teams	

Vara medlemmar møter berre ved særskilt innkalling.

Namn	Tittel	Møtt
LSU Volda		
Ottar Røyset	Leiar LSU Volda Kommunalsjef Hareid kommune	x
Siv Jensen, nestleiar SSU	Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus	x
LSU Ålesund		
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	x
Inge Ødven for Jørn Åge Longva	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus	x
LSU Molde		
Tanja Thalén, Leiar SSU	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	x
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Avdelingssjef, Klinikk SNR Molde sjukehus	x
LSU Kristiansund		
Geir Nilsen	Nestleiar LSU Kristiansund, einingsleiar Aure	x
Gudrun Karlsen	Leiar LSU Kristiansund, prosjekteiar DMS Kristiansund	x
Brukarepresentant kommune		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeininga)	x
Brukarepresentant helseføretak		
Paula Næss Skår	Leiar Brukarutvalet HMR	x
Fastlege/PK		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Leiar praksiskonsulentordninga HMR	x
Thilde Svela, fast vara	Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent	Forfall
Observatør Statsforvaltaren		
Karin Müller Mikaelsen	Leiar helse og omsorg. Statsforvaltaren.	x
Felles samarbeidssekretariat		
Eli Otterlei	Nestleiar Felles samarbeidssekretariat Samhandlingssjef HMR	x
Karethe K. Aam	Rådgjevar i samhandlingsseksjonen HMR HF	Forfall
Bjørn Buan	Nordmøre IPR	x
Ikkje representert	Romsdal IPR	
Bodil Haugen Våge	Leiar Felles samarbeidssekretariat Kommunalt sekretariat (Sunnmøre Regionråd)	x

Helsefellesskap Møre og Romsdal



HELSE MØRE OG ROMSDAL



	Rådgjevar Helse Ålesund kommune	
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre (SR) og “7 stjerna”	x
Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune	x
Forhandlingsutvalget på sak 33/34	Stian Endresen (også SSU) Cato Innerdal, Guri H. Reiten, Ragnhild Kalland, Trude Solenes (også SSU), Eli Otterlei (også sekretariatet), Oddvar Marøy (også sekretariatet)	x
Gjestar: Forhandlingsutvalet Tanja Alme Bardo Driller Anders Høe Andreas Follesø	På sak 33/34 Leiar og nestleiar i FU for skrøpelege eldre og multisjuke og FU for psykiske helse og rus på sak 36/24 Leiar og nestleiar i FU for rehabilitering var invitert på sak 37/24, men meldte forfall.	
Håkon Gammelsæther	Prosjektleiar regional utviklingsplan for akuttmedisinsk kjede på sak 38/24	

Saksliste

Sak nr.	Sak	Tidsplan	Ansvarleg
32/24	Velkomne! Godkjenning av innkallinga. Innmelding av eventuelt saker. Godkjenning av referat frå sist møte, du finn det HER	0800	Tanja Thalén
33/24	Samarbeidsavtalen 2025-2028 SSU si behandling av sak 33/24 16.10.24. Behandling Samarbeidsavtalen mellom helseføretaket og kommunane i Møre og Romsdal har vore under revisjon. Revisjonsarbeidet har vore delegert til eit forhandlingsutval samansett av utnemnde personar frå helseføretaket, kommunane i Møre og Romsdal, brukarrepresentantar og fastlege. Forhandlingsutvalet har arbeidd ut frå mandat vedtatt i SSU 18.02.23, samt sett til ny rettleiar for samarbeidsavtalar mellom helseføretak og kommunar (Helsedirektoratet 2022/2023). Det har vore gjennomført ei høyring med frist for innspel 23. juni 2024. Det kom inn innspel frå 42 ulike interessentar, som kommunar, helseføretak og brukarorganisasjonar. Forhandlingsutvalet hadde møte den 27. og 28. august 2024, der dei gjekk gjennom alle	0810-0840	Stian Endresen

Helsefellesskap Møre og Romsdal



HELSE MØRE OG ROMSDAL



	<p>høyringsinnspele og gjorde vurderingar og justeringar i høyringsutkastet for revidert samarbeidsavtale.</p> <p>Forhandlingsutvalet legg no fram eit forslag til ny avtaletekst. Samarbeidsavtalen skal etter planen gjelde frå 01.01.2025 så framt den blir godkjent i kommunar og helseføretak før året er omme.</p> <p>Leiar for forhandlingsutvalet Stian Endresen la fram saka for SSU. Han understreka formålet med samarbeidsavtalen, at den skal sikre god samhandling og heilskaplege og likeverdige helse- og omsorgstenester til pasienten. Ein viktig del av samarbeidet er å sikre gode overgangar mellom forvaltningsnivåa og god utnytting av ressursane. Presentasjonen er lagt ved protokollen.</p> <p>Forhandlingsutvalet var invitert til å delta i møtet på denne saka, og det var rom for å stille spørsmål etter framlegg frå Stian. Det vart gitt ros til leiar av forhandlingsutvalet for god leiing, og til forhandlingsutvalet for det avtaleutkastet som ligg føre. Særleg vart det positivt motteke at avtalen no legg opp til ein noko enklare og meir oversiktleig struktur (færre faglege samarbeidsutval) samt er meir konsis i forma, særleg delavtalane.</p> <p>Det vart uttrykt eit ønske om utarbeiding av felles saksframlegg frå kommunene, og dette vil det evt. bli arbeidd med utanfor helsefellesskapet.</p> <p>Avtalen og følgebrevet vil bli sendt ut til kommunene og Helse Møre og Romsdal snarleg i etterkant av SSU til endelig vedtak.</p> <p>Vedtak</p> <p>Strategisk samarbeidsutval for Helsefellesskapet i Møre og Romsdal tilrår at kommunane og helseføretaket i Møre og Romsdal godkjenner forslag til ny samarbeidsavtale med verknad frå 1.1.2025.</p>		
	Pause	10 min	
34/24	Oppfølging av vedtak i Sak 27/24, SSU 11.09.24 - Felles handlingsplan. SSU si behandling av sak 27/24 16.10.24.	0850-0920	Siv Jensen og Tanja Thalen

Helsefellesskap Møre og Romsdal



HELSE MØRE OG ROMSDAL



	<p>Behandling</p> <p>Følgande vedtak vart fatta i SSU 11.09.24:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Utvalskritariar for tiltak som krev finansiering i form av det nasjonale rekrutterings- og samhandlingstilskot skal takast med i arbeidet for utarbeiding av rettleiar og mal for tilskotet, ref. SSU sak 25/24 (11.09).</i> 2. <i>Det skal utarbeidast ei retningslinje som tydeleggjer korleis helsefellesskapet arbeider med evaluering, statusrapportering og revisjon av Felles handlingsplan og som bygg på innspela frå SSU, ref. sak 20/24 (12.06) og sak. 27/24 (11.09).</i> 3. <i>Det skal utarbeidast ei retningslinje for FSUane i den hensikt å velje ut og spisse tiltak for Felles handlingsplan og som bygg på innspela frå SSU, ref. sak 20/24 (12.06) og sak. 27/24 (11.09).</i> 4. <i>Nestleiar og leiar for SSU utarbeider retningslinjer som beskrive i vedtak 2. og 3.</i> <p>Leiar Tanja Thalen måtte forlate møtet under denne saka. Nestleiar Siv Jensen presenterte saka.</p> <p>Punkt 1 i vedtaket vart handsama i sak 35/24 (Om rekruttering og samhandlingstilskot). Siv Jensen orienterte om at ein ikkje er i mål med endeleg retningslinje for arbeid med evaluering, statusrapportering og revisjon av felles handlingsplan. Retningslinja vil inkludere korleis SSU skal jobbe med revisjon og prioriteringar av felles handlingsplan for helsefellesskapet. Det vil bli arbeidd vidare med retningslinja framover med sikte på presentasjon i ekstramøte i SSU 18.12.24 (sjå sak 39/24 i dette møtet).</p> <p>Det vart gitt ei påminning om at det skal rapporterast på felles handlingsplan i årsmeldinga til helsefellesskapet, og det er derfor også viktig at retningslinje ligg føre for dette året.</p> <p>Vedtak</p> <p>SSU tek orienteringa til vitande.</p>		
35/24	<p>Oppfølging av sak 25/24 - Rekruttering og samhandlingstilskot.</p> <p>SSU si behandling av sak 35/24 16.10.24</p>	Ca 0920-1000	

Helsefellesskap Møre og Romsdal



HELSE MØRE OG ROMSDAL



	<p>Behandling</p> <p>Følgande vedtak vart fatta i SSU 11.09.24:</p> <p>«SSU set ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide:</p> <ul style="list-style-type: none">a) rettleiar for søknad om rekruttering- og samhandlingstilskot som inkluderer kriterium for val av prosjekt og rutinar for rapportering tilbake til SSU (opp mot felles handlingsplan)b) rutinar for årleg og/eller sluttrapportering av rekruttering- og samhandlingstilskotet til RHFc) mal for søknadsskjema om tilskotd) mal for avtale som dokumenterer einigheit mellom kommune og HMR i Helsefellesskap Møre og Romsdal» <p>Ei arbeidsgruppe bestående av:</p> <table border="1"><tbody><tr><td>Jørn Åge Longva</td><td>Avdelingssjef Medisin Klinikk Ålesund sjukhus</td></tr><tr><td>Jan Morten Dahle</td><td>Kommunalsjef Hustadvika kommune</td></tr><tr><td>Gudrun Karlsen</td><td>Prosjektleiar DMS Kristiansund</td></tr><tr><td>Oddvar Marøy</td><td>Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre</td></tr><tr><td>Paula Næss Skår</td><td>Leiar brukarutvalet HMR</td></tr><tr><td>Bodil Haugen Våge</td><td>Sekretariatsressurs</td></tr><tr><td>Karethe K. Aam</td><td>Sekretariatsressurs</td></tr></tbody></table> <p>har jobba fram eit utlysningsbrev og søknadsskjema for rekrutterings- og samhandlingstilskot i Helsefellesskap Møre og Romsdal, samt eit obligatorisk skjema for leiarforankring, sjå vedlegg i saka.</p> <p>Oddvar Marøy presenterte saka, arbeidsgruppa og arbeidet slik det ligg føre. Vilkåra og søknadsskjema vil bli kunngjort på helsefellesskapet si nettside.</p> <p>Vedtak</p> <p>1. SSU godkjenner utarbeidd utlysningstekst, søknadsskjema og rapportmal for søknad om rekrutterings- og samhandlingstilskot.</p> <p>Plan for evaluering må inngå i søknaden samt i rapporteringa.</p>	Jørn Åge Longva	Avdelingssjef Medisin Klinikk Ålesund sjukhus	Jan Morten Dahle	Kommunalsjef Hustadvika kommune	Gudrun Karlsen	Prosjektleiar DMS Kristiansund	Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre	Paula Næss Skår	Leiar brukarutvalet HMR	Bodil Haugen Våge	Sekretariatsressurs	Karethe K. Aam	Sekretariatsressurs		
Jørn Åge Longva	Avdelingssjef Medisin Klinikk Ålesund sjukhus																
Jan Morten Dahle	Kommunalsjef Hustadvika kommune																
Gudrun Karlsen	Prosjektleiar DMS Kristiansund																
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre																
Paula Næss Skår	Leiar brukarutvalet HMR																
Bodil Haugen Våge	Sekretariatsressurs																
Karethe K. Aam	Sekretariatsressurs																

Helsefellesskap Møre og Romsdal



HELSE MØRE OG ROMSDAL



	<p>2. Utlysningsbrev med meir publiserast på helseføretaket si nettside. Lenke til denne sida skal distribuerast til alle LSU-ar, faglege utval, klinikkar og kommunalsjefar som vidaresender til alle aktuelle einingar i Helsefellesskap Møre og Romsdal.</p> <p>3. Søknadsfrist for første tildeling vert 1. desember. SSU kallar inn til ekstraordinært tildelingsmøte innan 20.12.2024.</p> <p>4. Avslag på søknad skal grunngjenvast.</p>		
	Pause	1000-1010	
36/24	<p>Oppfølging av sak 24/24 i SSU 11.09.24 Oppdrag til FU for skrøpelege eldre og multisjuke og FU for psykisk helse og rus SSU si behandling av sak 36/24 16.10.24</p> <p>Behandling SSU vurderte innspel frå PM 13.06.24 til felles utviklingsretning og innsatsområde i HF Møre og Romsdal og fatta følgjande vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <i>SSU ber dei faglege utvala Skrøpelege eldre og multisjuke og Psykisk helse og rus om å utvikle/vidareutvikle eitt pasientforløp kvar, retta mot eigne prioriterte grupper.</i> <i>Dei faglege utvala bør vurdere å knytte erfaringar frå eksisterande gode prosjekt (som for eksempel PSHT) inn i arbeidet med utvikling av pasientforløp.</i> <i>SSU oppmodar fagutvala til å vurdere om arbeidet med utvikling av pasientforløp kan eigne seg for søker om rekrutterings- og samhandlingstilskot.</i> <i>Utvala skal legge fram ei skisse for pasientforløpet dei ønsker å utvikle, samt ein framdriftsplan til møtet i SSU 16.10.24.</i> <p>Leiar og nestleiar i fagutvala Skrøpelege eldre og multisjuke og Psykisk helse og rus, Tanja Alme og Bardo Driller samt Anders Høe (psykisk helse og rus) deltok på denne saka om pasientforløpa dei ønsker å utvikle/vidareutvikle. Andreas Follesø deltok også (psykisk helse og rus). Presentasjonane er vedlagt.</p> <p>Eit nytt prosjekt i tillegg som vil kunne vere egnet, er å lage eit godt palliativt tilbod som er uavhengig av diagnose på tvers av forvaltningsnivå, samt vidareutvikling av PSHT satsninga i Ålesund. Driller</p>	1010- 1040	

Helsefellesskap Møre og Romsdal



HELSE MØRE OG ROMSDAL



	<p>understreka at nye utfordringar gjer at vi må jobbe annleis i framtida saman. Meir integrerte helsetenester for eldre er andre viktige område.</p> <p>Utalet har sett på 3 mulege prosjektsøknadar:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Integrerte helsetenester (Ålesund kommune)2. PSHT i Kristiansund (Kristiansund og Nordmørs-kommunane)3. Palliativt tilbud uavhengig av diagnose (HMR, Sula kommune og Aukra kommune) <p>Statsforvaltaren stilte spørsmål mht pårørande. Pårørande har ein viktig plass i denne satsinga, også frivillig arbeid. Det er vidare ei utfordring at lågterskeltilbod kan verte fjerna ved dårlig økonomi. PSHT team er prøvd ut mellom Ålesund kommune og helseføretaket. Arbeidet er godt, men det kan bli ressurskrevjande å driftssette i fullskala med færre hender og fleire pasientar.</p> <p>Anders Høe presenterte frå FSU Psykisk og rus, i tillegg var Andreas Follesø til stades. Samhandling kring dei mest krevjande brukarane innan psykisk helse og/eller rus i Møre og Romsdal er ei viktig satsning sjølv om det gjeld eit avgrensa tal pasientar.</p> <p>Det vert drøfta planar om å reetablere Fact team Romsdalen. Dette er eit initiativ frå kommunane for å sikre tettare oppfølging av dei sjukaste brukarane. Ein ønsker å få til integrerte team (kommunar/HF). Det er søkt midlar hjå Statsforvaltaren og tilsett 2 prosjektleiarar. Det er ei nasjonal tilråding å jobbe meir integrert rundt desse pasientane, og ein håper på overføringsverdi til resten av fylket.</p> <p>Andreas Follesø orienterte om ei regional arbeidsgruppe som føl opp den nasjonale, overordna planen for sikkerheitspsykiatrien. Det vert utarbeidd heilheitlege forløp i helseregionane, og ein ser mellom anna til Helse Sør-Øst og til Helse Vest. Dette pågående arbeidet med å lage heilheitlege pasientforløp for sikkerheitspsykiatrien på tvers av forvaltningsnivåa, krev at både kommunar og helseføretak samarbeidar, samt at lovgrunnlaget må vurderast.</p> <p>Vedtak</p> <p>SSU tek orienteringa til vitande</p>		
--	--	--	--

Helsefellesskap Møre og Romsdal



HELSE MØRE OG ROMSDAL



	Pause		
37/24	<p>Oppfølging av sak 30/24 fra 11.09.24 Innmeld sak fra Fagleg utval for rehabilitering SSU si behandling av sak 37/24 16.10.24</p> <p>Behandling Bakgrunnen for saka er innmeld sak fra Faglege samarbeidsutval for rehabilitering 20.02.24. Faglig samarbeidsutval for rehabilitering oppmodar Strategisk samarbeidsutval til å vurdere om det er grunnlag for å initiere ei brei satsing på forbettings- og utviklingsarbeid for arbeid med koordinering, koordinerande eining, barnekoordinator og individuell plan, og korleis dette kan organiserast.</p> <p>Etter ei drøfting i SSU 11.09.24 kom det fram at Statsforvaltaren har ei sentral rolle i å understøtte arbeidet med koordinerande eining, barnekoordinator og individuell plan.</p> <p>Statsforvaltaren var derfor invitert til møtet for å seie noko om sine erfaringar og tankar om korleis handtere koordinering og IP framover med færre fagfolk og fleire med behov. Leiar og nestleiar i FU for rehabilitering var invitert til å være med på saka, men kunne ikkje møte. Det vart gitt ei orientering frå rådgivar hos statsforvaltar Eli Mette Finnøy, som har ansvarsområde habilitering og rehabilitering (sjå vedlegg). Finnøy minte om nettverket for koordinerande eining i MR der Statsforvaltar, kommunane og helseføretak deltok saman. Nettverket er leia av Eirin Liadal i HMR. Organisatorisk plassering av KE har betydning for korleis tenesta blir brukt. Det er derfor ei tilråding om at tenesta bør løftast opp organisatorisk. Det vart gitt døme frå Kinn kommune (mange kommunar ser på denne organiseringa) der det mellom anna er rigga eit eige oppfølgingsteam. Spørsmål om klage på avslag: klage går til kommunen som gjer ny vurdering (innvilge eller grunngi avslag). Neste instans er til Statsforvaltar. Det vart og vist til funksjon om barnekoordinator som er blitt ei lovpålagt oppgåve.</p> <p>Kommunene har gjennom lovkrav ei samhandlings- og koordineringsplikt. Det er uansett viktig med god</p>	1040-1110 min?	Sendt henrending fredag 27.09 Bodil lager sak

Helsefellesskap Møre og Romsdal



HELSE MØRE OG ROMSDAL



	<p>informasjon ut til befolkninga og sikre koordinerte tenester.</p> <p>Vedtak</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. SSU tek framlegg frå statsforvaltaren til vitande. 2. SSU ber om at alle klinisk utvalg skal ha fokus på at de rette pasienter får oppnevnt IP, koordinator og kontakt lege. 3. SSU ber nettverk for koordinerande einig om å rettleie og samordne innsatsen og med dei faglege samarbeidsuvala. 		
38/24	<p>Oppfølging av sak 29/24 Førespurnad om kommunal medverknad i regional akuttmedisinsk utviklingsplan</p> <p>Behandling</p> <p>Helsefellesskap Møre og Romsdal fekk ei orientering frå prosjektleiar Håkon Gammelsæther i SSU 11.09.24 om oppdrag gitt frå Helse- Midt om å lage ein regional akuttmedisinsk utviklingsplan. Framskrivningar viser at tal på oppdrag og ressursbruk ikkje vil vere berekraftig når ein ser på den demografiske utviklinga vi står ovanfor.</p> <p>I arbeidet med å lage ein regional utviklingsplan er det ønskeleg med kommunal medverknad. Ein førespurnad om kommunal medverknad er gitt på strategisk nivå til dei 3 helsefellesskapa i Helse – Midt.</p> <p>Saka vart tatt attende i dag 16.10.24 for vidare drøfting og innstilling til kommunal medverknad.</p> <p>Prosjektleiar Håkon Gammelsæter deltok på Teams på denne saka. Orienterte om at saken har vore oppe i ASU/SSU i alle helsefellesskap, og vart på ny handsama i styringsgruppa fredag 11.10. I møtet heldt styringsgruppa fast på opprinneleg vedtak om at det ikkje vert opna for likeverdig representasjon og deltaking i styringsgruppe og prosjektleiing. Men det var svært ønskelig og naudsynt med brei og fagleg deltaking frå kommunale representantar på arbeidsgruppenivå. Det vart derfor bedt om å oppnemne inntil tre kommunale representantar pr. helsefellesskap</p> <p>Styringsgruppa vedtok vidare at prosjektleiinga skal kontakte Statsforvaltar ved fylkeslegen og KS-representantane i dei to fylka for å kartlegge rolle desse organisasjonane kan spele i arbeidet.</p>	1110-1130	Bodil og Eli

Helsefellesskap Møre og Romsdal



HELSE MØRE OG ROMSDAL



	<p>Det vart bede om ei grunngjeving for dette. Det er mange ting som taler for kommunal medverking. Prosjektleiar har lagt dette fram for styringsgruppa i to rundar. Det som gjer at styringsgruppa held fast på opprinnleig mandat, er at RHF ikkje har styringsrett over for andre enn eigne helseføretak og kommunal medverknad vil krevje ei omfattande endring av prosjektorganiseringa. Styringsgruppa har heller ikkje tru på einigkeit om felles plan med 60 kommunar. Prosjektleiar vil ved behov stille med orienteringar til kommunar, både administrativt og politisk om ønskeleg.</p> <p>Statsforvaltar ber SSU om at HMN synleggjer konsekvensar av prioriteringar og tiltak for kommunane.</p> <p>Tidsplan for planen er ferdigstilling medio 2025, men ikkje før stortingsmelding Akuttmedisin er lagt fram og behandla. Prosjektleiar orienterte om at innleiande drøftingar har tatt lengre tid enn føresatt, er ca 1 månad på etterskot.</p> <p>Vedtak</p> <ol style="list-style-type: none"> SSU tilrar at kommunane medverkar i arbeidet både fagleg og strategisk godt fordelt mellom regionane i fylket. SSU ber kommunane samordne oppnemning av inntil 3 representantar frå kommunane si side, samt sikre løpende orientering til kommunane i fylket SSU ber om jamleg orientering om arbeidet med Akuttmedisinsk utviklingsplan SSU ber HMN synleggjere konsekvensar av prioriteringar og tiltak for kommunene i utviklingsplanen. 		
39/24	<p>Møter 2025 – planlegging</p> <p>Behandling</p> <p>Følgande datoar vart foreslått for året 2025:</p> <p>SSU:</p> <p>Onsdag 05.02.2024 kl 09-10 (teams - Konstitueringsmøte?)</p> <p>Onsdag 26.februar 0930-15 (Fysisk)</p> <p>Onsdag 26.03.25 (Teams)</p> <p>Onsdag 04.06.25 (Fysisk)</p> <p>Onsdag 10.09.25 (Teams)</p>	1130-1140	Bodil

Helsefellesskap Møre og Romsdal



HELSE MØRE OG ROMSDAL



	<p>Onsdag 03.12.25 el 10.12.25(Fysisk) utsette novembermøtet til desember fordi ein skal rekke å behandle søknadar til Rekrutterings- og samhandlingstilskot med oppstart 2026.</p> <p>PM: Konstitueringsmøte i januar? (Fysisk/Teams?) Onsdag mai? (Fysisk) Utvida samarbeidsmøte/Samhandlingskonferanse: Onsdag i okt./november? (Fysisk)</p> <p>Vedtak</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering om møteplan 2025 for SSU, Partnarskapsmøte og Utvida samarbeidsmøte vart teke til vitande. 2. SSU ber LSUane konstituere seg i løpet av januar 2025. 3. Samarbeidssekretariatet får mandat til å begynne arbeidet med rekruttering av medlemmar til SSU og Partnerskapsmøte for ny 4 års periode, samt initiere til oppnemning til LSUane og Faglege samarbeidsutval 4. Samarbeidssekretariatet får mandat til å planlegge for konstituering av SSU og Partnerskapsmøte for ny 4 års periode og for overlappsmøter mellom gamle og nye utval. 5. Rekruttering og samhandlingstilskot: Ekstraordinære møter i SSU 2024 <ul style="list-style-type: none"> ✓ 6.desember behandling av søknader 0830-1130 (Leiar og nestleiar i samarbeid med sekretariatet – lage innstilling) ✓ SSU møte 18.desember 0830-11 – tildeling tilskot 		
40/24	<p>Oppfølging av sak 19/24: Årsrapport samhandlingsavvik 2023</p> <p>Ref. <i>SSU vil følgje opp sak 19/24 med tiltak for å betre meldekultur i HF og kommunar ytterlegare gjennom drøfting og innspel frå LSUane i neste SSU møte 16.10.24.</i></p> <p>Vedtak:</p>	1110-1115	Tanja

Helsefellesskap Møre og Romsdal



HELSE MØRE OG ROMSDAL



	Denne saka vart utsett til fyrste møte i 2025 for å gje LSUane tid til å drøfte og kome med innspel.		
	Takk for møtet!	1200	Tanja Thalén